

Ku, kalv og diing - Økobonden sine erfaringar



Britt I. F. Henriksen¹, Julie Johnsson², Kristian Ellingsen² og Alexander Shjøll³

Naturleg åtferd i kalveoppdrettet

I økologisk landbruk ønskjer ein å tilgodesjå dyras naturlege åtferd. Ideelt sett skulle kalven derfor ha fått gått saman med mor-kua i fleire månader, til den blir naturleg avvent. Dette er vanskeleg å kombinere med moderne mjølkeproduksjon, men det er dei som får til mjølkeproduksjon der ku og kalv går saman i fleire veker.

For å samle informasjon og erfaringar med å la kalven die mor-kua eller fosterku vart det hausten 2009 sendt ut ei spørjeundersøking til alle produsentar registrert med økologisk mjølkeproduksjon i Debio. Undersøkinga var knyta til Die-prosjektet ved Bioforsk Økologisk og The cow-calf project leia av Veterinærinstituttet.

Svargruppe

Vi fekk svar frå 236 produsentar. Dette er ein svarprosent på rundt 70 %. Stor variasjon i bruksstorleik.

Ingen diing

Dei fleste lar ku og kalv die i dei første tre dagane som det er krav om i økoregleverket, men ca 11 % praktiserer ikkje diing.

Årsaker til ingen diing:

- Uro og stress for dyr og folk ved fråskiljing
- Praktiske årsaker (plassmangel, båsfjøs, dårleg tilrettelagt)
- Mindre kontroll med råmjølkstildeling

Diing tre dagar

Ca 62 % lar kalv die morku berre dei første tre dagane. Av desse har ca 1/3 prøvd lengre diing tidlegare.

Årsaker til endra rutine

- Plassmangel
- Uro/bråk i fjøset ved fråskiljing
- For arbeidskrevjande
- Skeive jur og kua gir dårleg ned mjølka ved mjølking

Diing meir enn tre dagar

Ca 27 % lar kalven få die lengre enn tre dagar. Av desse har 1/3 kalvane saman med ammeku (fosterku) i delar av mjølkeperioden.


Dei fleste lar kalvane die i ei til to veker. Nokon har diing heile mjølkeperioden (12 veker).



Foto: Ole Trygve Foseide

Ammeku (fosterku)


Dei fleste har 2-3 kalvar per ammeku, som går saman med kua heile døgnet. Dei lar kalven gå med ammeku fordi det er bra for kalven. Ammekyr er mellom anna kyr som er snille mot andre kalvar, har høgt celletal og kyr i slutten av laktasjonen.



Årsaker til å la kalv die er at det er bra for ku, men ikkje minst bra for kalv. I tillegg er det lettvis og naturleg.

Tips ved separasjon

- Overgang med kontakt men ikkje diing
- Gradvis nedtrapping, gi surmjølk i tillegg
- Nedtrapping av samvær
- Gi kalven ei flaske mjølk før den får kome saman med kua.
- Avvend fleire samtidig



Ei overvekt opplever separasjon mellom kalv og ku vanskelegare når kalven får die eiga mor lengre enn tre dagar.